



Statens Vegvesen Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/53 - 22/80646

Saksbehandlar:
Ole Martin Bolset
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:
24.10.2022

Ber om uttale til mindre planendring til kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy, med tekniske teikningar.

Viser til uttale til avgrensa høyring – Mindre planendring etter forenkla prosess jf. Pbl. § 12-14. Kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy. PlanID 1256 2016 0002, datert 01.02.2022.

De har i denne uttalen vist til at geometriteikningar med skråningsutslag for justert løysing ikkje følgjer med saka på høyring som ein del av plangrunnlaget. Det var difor vanskeleg å få eit inntrykk av korleis terrenget er utforma, og å sjå om den nye køyrevegen og framtidig g/s-veg lar seg etablere så tett på kvarandre ved bygging som planframlegget viser.

Naudsynte tekniske teikningar er no utarbeidd, og vi ber om ein ny uttale knytt til saka. Administrasjonen si vurdering er at desse teikningane viser at løysinga som er vist i reguleringsplankartet er ei reell, gjennomførbar løysing.

I denne oversendinga legg ein ved opprinnelege høyringsdokument, Statens vegvesen sin uttale, og nyleg utarbeidde tekniske teikningar for omlegginga av vegen.

Vi set frist til uttale til 15.11.2022.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Ole Martin Bolset
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1. Plankart_rev_20.09.2021
2. Føresegner_rev_15.12.2021
3. Planomtale_rev_07.01.2022

Vedlegg:

D001

D002

F001

F002

Uttale til avgrensa høyring

Mottakarar:

Statens Vegvesen Region Vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER